



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar
John Gunnar Skien, 51568830

Kulturdepartementet si vurdering av nye krigsminnesmerke

Kulturdepartementet har orientert statsforvaltarane om at kommunar og fylkeskommunar i Noreg blir kontakta direkte av gruppa Support to the People of Ukraine (S2PU), med førespurnad om å reisa ukrainske krigsminnesmerke.

Kulturdepartementet gjer merksam på at ein frå statleg hald reknar dei sovjetiske krigsgravene og krigsminnesmerka i Noreg som sovjetiske.

Dei 100 000 sovjetiske krigsfangane som var i landet under andre verdskrigen, og dei nær 14 000 sovjetiske statsborgarane som døydde her, kom frå mange ulike stader i det tidlegare Sovjetunionen, og frå ulike nasjonalitetar og etniske grupper. Dei sovjetiske krigsminnesmerka i Noreg, og gravmonumenta ved dei sovjetiske krigsgravene, heidrar og minner derfor sovjetiske falne.

Kulturdepartementet meiner derfor at det er uheldig å tillata nye krigsminnesmerke som berre heidrar og minner ei utvalt gruppe av desse, slik forslaget om eigne, ukrainske krigsminnesmerke går ut på.

Kulturdepartementet ber om å bli orientert ved eventuelt nye forslag om etablering av nye, utanlandske krigsminnesmerke i Noreg.

Vedlagt: Kulturdepartementet si vurdering.

Med helsing

Lone M. Solheim
statsforvaltar i Rogaland

John Gunnar Skien
kommunikasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent



Adresseliste:

Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund